



Arkivnr: 2016/7179-2

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

**Saksframlegg**

## Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

14.09.2016

## **Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 – 2024 Lindås kommune. Høyringsfråsegn.**

### Samandrag

Lindås kommune har sendt kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024 til offentlig ettersyn med høyringsfrist 2. september 2016. Hordaland fylkeskommune tok i mot delplanen på e-post 8. juli 2016.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016, punkt 2.2.7: Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Lindås kommune skriv at delplanen skal gje føringar for politisk handsaming, planarbeid, administrasjon og drift. Den skal skaffe heilskapleg oversikt over styrke, utfordringar og behov på fagområda. Vidare skal planen skaffe oppdatert oversikt over anlegg og behov for rehabilitering. Det prioriterte handlingsprogrammet skal vera bindande for kva tiltak som skal prioriterast i kommunen sin økonomiplan.

### Forslag til vedtak

1.	Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Lindås kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2.	Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024, høyringsutkast

**Fylkesrådmannen, 13.07.2016**

## Bakgrunn

Lindås kommune har sendt kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024 til offentlig ettersyn med høyringsfrist 2. september 2016. Hordaland fylkeskommune tok i mot delplanen på e-post 8. juli 2016.

Statlege retningslinjer for planarbeidet:

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1, Kommuneplan:

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen».

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016, pkt 2.2.7: «Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet».

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet; «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- «Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.
- Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spillemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.
- Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»

Regionale retningslinjer og vurderingar:

For ei effektiv gjennomføring av den regionale politikken i Hordaland er samspelet med stat og kommunar avgjerande. I handsaminga av planframlegget vurderer difor fylkesrådmannen i kva grad kva grad det samsvarer med vedteken regional politikk på feltet, jf Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Regional kulturplan har som mål å leggje til rette for auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i heile Hordaland og føreset mellom anna at dei viktigaste satsingane på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert initiert i lokalsamfunn og kommunar. Ein legg til grunn prinsippet om å leggje til rette for aktivitets- og anleggsutvikling basert på lokale behov, og dei viktigaste drivkreftene i slike prosessar skal vere innbyggjarane i lokalsamfunna, lag, organisasjonar, skulane mv. Ein godt samordna og forma kommunedelplan som er i samsvar med den regionale politikken er eit tenleg reiskap for å sikre slike samarbeid og for å fremje fysisk aktivitet i kommunen.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er heilskapen i framlegget i samsvar med hovudintensjonane i Regional kulturplan. For forankringa og gjennomføringa av den regionale politikken for idrett og friluftsliv er difor Lindås kommune sitt planframlegg eit godt rammeverk for vidare samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og stat når handlingsprogramma vert utarbeidd.

## Merknader til delkapitla:

Kapittel og underkapittel bør nummererast.

## Forord

I dette kapittelet vert planen kalla kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv og nærmiljø 2016 – 2024, medan det på framsida står ein anna tittel. Viktig at namnebruken er konsekvent.

I opplistinga av minstekrav til innhald frå departementet har delplanen manglande innhald knytt til:

- Lokaliseringen av eksisterande og planlagde anlegg, områder for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområder bør visast av relevante kart.
- Henvise til formelle krav i kommunedelplanlegging, td i høve medverknad.
- Planen skal samordnast med andre kommunale planar for å sikre heilskapleg planlegging i kommunen, jf. pbl § 3-1 2.ledd. Det er særleg viktig å vise at arealbehova for idrett og friluftsliv er teke med som innspel til kommuneplanens arealdel og at dei vedtekne tiltaka vert følgt opp i handlingsdelen og økonomiplanen.
- Statlege og regionale føringar bør trekkast ut som eige punkt og supplerast. Nokre er nemnt som referansar bak i planen, men dette bør løftast fram i dokumentet, då vi meiner det er viktige grunnlag for innhaldet i planen. Andre planar som bør nemnast er;
  - Stortingsmelding om friluftsliv, Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet. Regjeringa ønskjer å bidra til at fleire kan drive med friluftsliv. Aktivitet ute er ei viktig kjelde til høgare livskvalitet og betre helse for alle. Der er det nasjonale målet om maks 500 meter til næraste turløype i byar og tettstader forankra.
  - Nasjonal transportplan 2014-2023 med gå- og sykkelstrategi, folkehelselova og stortingsmeldingar knytt til tema.

### **Utfordringar innan idrett og aktivitet i Lindås**

Idrettsindeksen gjer eit godt grunnlag for å vurdere status og utfordringar for kommunen. Det er svært positivt at kommunen har prioritert å få utarbeidd ein slik indeks, noko som fylkeskommunen ser har stor overføringsverdi og ønskjer å presentere for andre kommunar som eit godt reiskap.

Begrep som vert omtala må presenterast og definerast på eit tidlegare tidspunkt i planen, slik at lesarane har grunnlag for å lese innhaldet riktig. T.d. vert det vist til at kommunen har færre anlegg enn snittet utan at referanseramma er definert. Det hadde også vore interessant å vite kvifor Tysvær er sett opp som ein kommune det er relevant å samanlikne Lindås med.

Det er positivt at det vert vist til hovudutfordringar frå folkehelseprofil for Lindås 2016, men dette kan kome tydeligare fram i strategiane og i tiltaka i handlingsprogrammet.

### **Idrettskommunen Lindås – rapport frå Telemarksforskning**

Bra summering av resultatata frå Telemarksforskning. Nyttig i arbeidet vidare med utfordringane.

Figurane har ikkje logisk nummerering. Frå første til andre figur går nummeret frå 1 til 7. Figur 1 side 10 treng noko oppklaring. Det viser 115% deltaking for barn 6-12 år, og treng avklaring om dette gjeld tal medlemskap eller medlemmer. Oppsettet i tabellane bør endrast for å få tydeligare fram bodskapen i figurane, t.d. heile landet, Hordaland, Lindås og så dei øvrige kommunane. Dette bør vere konsekvent. Lindås kan ev også få ein eigen farge.

Definisjonen av anleggspong er skildra på side 29, men den bør kome før, eller i samanheng med, figurane der dette vert vist til på side 10. Resultata i desse figurane bør forklarast nærare. Kva har desse tala for verknad for Lindås kommune?

I figur 9 bør O og F skrivast ut som orientering og friluftsliv, då denne definisjonen kjem først fram på side 15.

### **Kort om dei ulike idrettane**

Grundig og godt kapittel. Det hadde vore interessant å sett utviklingstrekka i kommunen. Det bør kome fram om dette er ein del av idrettsindeksen eller om det er tal frå 2016.

I underkapittel om sykkel vert det vist til prosjekt der målet er å få meir trafikk over på sykkel. Kva prosjekt er det snakk om? Planen bør også omhandle status på arbeidet med gang- og sykkelveggar, særleg knytt til

skular og idretts/friluftsanlegg. Eit tiltak for å få fleire barn til å sykle er prosjektet «Alle barn sykler» som Bergen 2017 no inviterer alle kommunane å delta i.

Merking og gradering av turløyper og kartlegging og verdisetting av friluftsområder bør omtalast i kapittel om friluftsliv. Hordaland Jeger og fisk har registrert fiskeplassar i alle kommunar i Hordaland med fylkeskommunal støtte. Dette er eit godt grunnlag å bruke i planlegginga. Det kan vere fint å inkludere medlemstal frå friluftsansjonar som turlag og jeger og fisk for å samanstill med deltaking i idrettslag.

### **Vår praksis i ei tidslinje**

Godt grunnlag for samordning internt, men treng forklaring av omgrep, forkortingar og enkelte ord for å kunne vere gjeldande for alle.

### **Brukarundersøking i ungdomsskulen**

Det var ein svært låg svarprosent på brukarundersøkinga, og såleis vert det vanskeleg å bruke dei data som kjem fram. For å få fram den viktige unge røysta, bør andre medverknadsmetodar for denne målgruppa vurderast.

### **Evaluering av førre planperiode**

Godt utarbeidd kapittel om status og vurdering.

I underkapittel om anleggsutvikling er det feil opplysning om tildeling av spelemidlar. Skianlegget på Gamlesætra har Eikanger IL har hatt godkjent søknad i to år. I samsvar med tildelingspraksis i Hordaland fylkeskommune dei seinare åra kan eit ordinært anlegg ikkje få tildelt spelemidlar før søknaden har vore godkjent tre år.

### **Overordna strategiar 2016-2019**

Under punkt A bør det inkluderast eigne strategiar knytt til friluftsliv og interkommunalt samarbeid.

Under punkt C bør det leggst til strategi knytt til lyssatte gang- og sykkelveggar.

Under punkt E bør ein konkretisere strategiar for å aktivisere dei definerte målgruppene jf. folkehelseprofilen: livsstilssjukdomar blant vaksne og psykiske plagar og einsemnd blant unge. I tillegg bør ein ha klare strategiar for inkludering av flyktningar.

### **Handlingsprogram aktivitetar**

Jf. merknader ovanfor knytt til overordna strategiar.